



## Saksframlegg

Sakshandsamar:	Løn, personal og organisasjon	Øystein Aadland
Avgjerslemynde:	Arkivnr.: 23/900	Klassering:

### Orientering om pensjonsordning frå KLP

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:  
Saka blir lagt fram utan framlegg til vedtak

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Heradstyret gjorde følgjande vedtak i sak 106/22

*"Tenestepensjon er det største einskildinnkjøpet til Osterøy kommune. Det er konkurranse i tenestepensjonsmarknaden og Osterøy bør difor gjennomføre ein prosess for å finna ut om me har den beste leverandøren etter ei samla vurdering av pris og kvalitet i ein profesjonell prosess. Tilsette sine rettar og ytelsar er tariffesta, og identisk uavhengig av leverandør. Dei tilsette sine organisasjonar skal involverast i saksutgreiinga i henhold til tarifavtala og AML. Det skal haldast drøftingsmøter med dei tilsette sine organisasjonar. Rådmannen får fullmakt til å organisere og gjennomføre ein prosess for den kommunale tenestepensjonsordninga i 2023, slik at eit eventuelt skifte av leverandør kan skje frå 01.01.2024. Endeleg framlegg til vedtak om val av tenestepensjonsleverandør skal leggjast fram til heradsstyret seinast i løpet av oktober 2023."*

#### Vurdering

Rådmann har invitert Osterøy kommune sine kontaktperson i noverande pensjonskasse KLP for ei orientering og presentasjon til ADMU om korleis pensjonsordninga er sett saman, samt kva moglegheiter det er for å redusere utgiftene til pensjon.

Presentasjonen er om lag ein time og skal bidra til å tydeleggjere bestillinga frå Heradsstyret om kva moglegheiter som er i markedet. ADMU må ta stilling til om dei ønskjer ei tilsvarande presentasjon frå andre i markedet.

### Ikkje vedlagte saksdokument:

Doknr	Type	Dato	Tittel på saksdokumentet
Doknr	Type	Dato	Tittel på journalpost